



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Voldapostmottak@hivolda.no
www.hivolda.no**Dykkar referanse**
17/1829-**Vår referanse**
17/00520-3**Vår sakshandsamar**
Johann Roppen, jr@hivolda.no**Vår dato**
12.09.2017

Innspel til langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Kunnskapsdepartementet har i brev av 5. mai 2017 invitert til innspel på Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Høgskulen i Volda meiner det er viktig med meir og betre forskingsformidling på norsk og vil avgrense sitt innspel til dette temaet. Det er også viktig i den pågående debatten omkring humaniora som oppfølging av humaniorameldinga.

Etter systematikken det blir invitert til i høyringa så passar innspelet truleg best under dette punktet:

- På hvilke områder kan det være behov for nye opptrappingsplaner og/eller virkemidler?
Begrunn og prioriter.

Langtidsplanen har hatt forsking på fremste internasjonalt nivå som eit mantra. Eller på Nobelprisnivå om ein vil. Eit perspektiv som lett kan bli oversett med ei slik spissing er forskingsformidling.

Høgskulen i Volda har i sin strategiplan teke på seg eit særleg ansvar for nynorsk som fagspråk og vi legg også stor vekt på formidling.

Det trengst meir og betre forskingsformidling på norsk. Det er særleg i skulen og i andre profesjonsutdanninger vi ser behov for dette. Når den mest spissa forskinga blir utført på eller formidla gjennom engelsk fagspråk så blir dette også språkleg eit kommunikasjonshinder for at folk flest eller forskrarar utanfor det snevre fagområdet skal få tilgang til forskingsresultata. I dei fleste profesjonar og i yrkesutøvinga er det framleis slik at norsk er fullstendig dominerande som fagspråk i kvarldagen. Ein lærar eller sjukepleiar som ikkje kan kommunisere med elevar eller pasientar på norsk vil sjeldan kunne vere ein god yrkesutøvar.

Det trengst difor auka fokus på og støtte til forsking på norsk og ikkje minst forskingsformidling på norsk språk.

I ei tid då "fake news" har vorte eit dagleg brukt uttrykk, med sviktande oppslutnad om tradisjonelle redaksjonelle media og med aukande skepsis også til forsking ("post truth") så er det avgjerande viktig at forskinga og forskingspolitikken vender seg ut til det allmenne publikummet for å fortelje om sine

resultat, interne debattar og metodar. Meir og betre forskingsformidling vil også formidle tvil, manglande funn og dei uløyste oppgåvane.

Toppforskinga blir naturlegvis formidla internt i fagmiljø gjennom kanalar for vitskapleg publisering som bøker, tidsskrift og konferansar. Men det trengst meir. Det trengst kort og godt meir og betre forskingsformidling. For det første må forsking formidlast på ein god og interessevekkande måte overfor folk flest for å oppretthalde og styrke forståinga for kor viktig kunnskapsutvikling er for samfunnet. For det andre har skattebetalarar rett til å få tilgang til kunnskapen som kjem fram frå ny forsking, og kunnskapen må bli formidla på eit passeleg nivå i høve til mottakarane sine føresetnader. For det tredje vil forskingsformidling kunne fungere demokratisk og utjamnande - og sette folk flest i stand til å gjere betre val i kvar dagen. For det fjerde må norske bedrifter, organisasjonar og offentleg sektor også få tilgang til forsking for å kunne bli betre.

Langtidsplanen har peika på spesielle utfordringar for det tverrfaglege. Her vil ein raskt oppleve akkurat dei same utfordringane knytt til formidling på tvers av ulike fagområde som ein ser for den meir generelle forskingsformidlinga. Store forskingsprosjekt vil vere avhengige av bygge opp kommunikasjonskapasitet for å overvinne faglege tersklar mellom samarbeidande forskarar, men ikkje minst for å nå fram samarbeidande aktørar som bedrifter eller offentleg sektor. Desse utfordringane blir naturlegvis endå meir forsterka i internasjonale prosjekt.

Denne debatten vil truleg blomstre på nytt sidan ei av mange oppfølgingar av Kvalitetsmeldinga er at kvar høgare utdanningsinstitusjon innan juni 2019 skal utvikle eit meriteringssystem for undervising. I den samanhengen synest det rimeleg at det å skrive lærebok og å lage andre typar dokumentasjon av formidling / undervising skal telje positivt, og det bør også premierast økonomisk.

Døme: Intern premiering av formidling ved Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda har i mange år både oppmoda og premiert fagtilsette som er aktive i fag- og forskingsformidling. Knapt 1,5 prosent av høgskulens samla budsjett blir omfordelt mellom fagmiljøa etter dokumentert omfang på formidling. Omfordelinga skjer etter eit eige internt tellekantsystem. Ei lærebok vil ikkje gi uttelling i den nasjonale resultatbaserte omdelinga ("Tellekantane"). Men etter Høgskulen i Voldas interne omfordeling vil ei lærebok gi ei utteljing på ca kr 50.000. Ei doktoravhandling publisert som monografi får som regel heller ikkje uttelling i tellekantsystemet, trass i ein omfattande kvalitetskontroll. Etter Høgskulen i Voldas interne system vil ei doktoravhandling gje ei utteljing på ca kr 150.000. Midlane går til fagmiljøet som den einskilde forskaren høyrer til.

Over tid har dei fleste fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda bidrige med fagleg formidling gjennom lærebøker, avhandlingar, fagartiklar, avis kronikkar eller faglege bidrag i møte med profesjonsutøvarar eller i populærvitskaplege samanhengar, som Forskningsdagane. Også innanfor kunstnarlege område opnar vårt interne system for bidrag frå animasjon, filmfestivalar, konsertar og bidrag frå teater og design. Systemet har vore i bruk i meir enn 10 år, dei tilsette kjenner godt til dei ulike kategoriane, og det er sterkt intern støtte til å halde fram med ordninga.

Så vidt vi kjenner til er det få andre UH-institusjonar som har insentiv til formidling, men debatten om dette har halde på i mange år.

Med helsing

Johann Roppen
Rektor

Leiinga

Vår dato
12.09.2017

Vår referanse
17/00520-3

Mottakar

Kunnskapsdepartementet

Kontaktperson

Adresse

Postboks 8119 Dep

Post

0032 OSLO